

Gjøvikregionmodellen – regional strategi for framtidens bumiljø og lokalsamfunn (Connected Living)

Styringsgruppa

Referat frå møte 21.12.2017 kl. 09.00 – 11.30

Til stades:

Astrid Stadheim (NTNU), Heidi Vifladdt (NTNU), Tom Søgård (GOBB), Asbjørn Lund (FM), Kai Henning Glæserud (GU) og Nils Hesthagen (GU)

(Heidi måtte gå frå møtet etter stutt tid pga tragisk hending med ein student.)

Meldt forfall:

Aslaug Dæhlen (Ø Toten), Helge Nakken (Backe Oppland) og Wibeke Børresen Gropen (OFK) (som har teke over etter Kristin Loe Kjelstad)

Saker:

1. Sluttrapporten

Utsendt forslag til sluttrapport vart gjennomgått.

Styringsgruppa meinte rapporten må vera tydelegare på at prosjektet må følgjast opp. Det vart understreka at det er prosjektperioda som blir avslutta nå, prosjektet går over frå pilot til drift. Styringsgruppa meinte rapporten må konkludere med konkrete tilrådingar på oppgaver som må gjennomførast.

2. Veggen vidare (forslag til kommunikasjonsstrategi)

Styringsgruppa meinte dei oppgavene som er lista opp i forslaget til kommunikasjonsstrategi er viktige tiltak i oppfølgingsarbeidet. Styringsgruppa meinte det vil vera avgjerande å få etablert ei «vaktbikkje» (ny styringsgruppe) for å sikre at Connected Living blir følgt opp i boligprosjekta framover. Den «nye styringsgruppa» vil sjølv måtte finansiere og organisere aktiviteten sin. Styringsgruppa peikte på at utbygginga av Huntonstranda vil bli eit spennande «case» på korleis Connected Living kan implementerast.

3. Økonomisk status

Det vart lagt fram revidert økonomisk status som syner stipulert forbruk pr 31.12.17. Fylkesmannen vil godta at dei resterande midlane på vel 74.000 blir brukt på

overgangen frå pilot til drift, i staden for at midlane skal bli returnert til fylkesmannen. Etablering av ei «ny styringsgruppe» bør vera ei prioritert oppgave.

4. Evaluering

Det vart peikt på at det i starten gjekk noko tid for å skape felles forståing for korleis Connected Living-begrepet skal definerast. Tre-partsamarbeidet er svar på at arbeidet har vore vellykka. Å diskutere nye løysingar vart fyrst mogleg etter at det var skapt ei felles forståing av Connected Living. Innkjøpsregimet har vore utfordrande fordi byggjenæringa ikkje har nokon kultur for å dele erfaringar. Faste møtepunkt, som både fylkesmannen og fylkeskommunen har med kommunane, er aktuelle arenaer for overføring av modellen. Styringsgruppa peikte på at det må lagast ein PP-presentasjon om prosjektet som alle har tilgang til og nytte av.

5. Eventuelt

Sjølv om styringsgruppa har peikt på oppgaver i overgangen frå pilot til drift, er dette siste møte i gruppa.

Leder for styringsgruppa takka medlemmane for samarbeidet og prosjektlederen for arbeidet.

22.12.17 NH